



Bedehusbasaren i Uskedalen har like lange tradisjonar som bedehuset men i fjor vart han ikkje halden, I kveld er det imidlertid bedehusbasar att og han startar klokka 19. Opplegget er det tradisjonelle og Birgit Hjelmeland held andakta denne gongen.

Siste bedehusbasar var hausten 2011 og då vart det eit resultat på imponerande 27 000 kroner etter ein auke med 3 000 frå året før.

30 000 er kanskje målet i kveld. Det er i alle fall mange fine gevinstar og basaren har også ei sosial side. På biletet over sel Ingebjørg Haugland lodd hausten 2011

Foto: Ola Matti Mathisen